

Årsmelding, Sel SV, 2020

På årsmøtet 2020 vart fylgjande styre valt:

Leiar: Anne-Brit Bismo, 1år
Nestleiar: Truls Gjefsen, 2år
Sekretær: Knut Bakken, 2år
Kassrerar: Gerd Galgerud, 2år
Styremedlem: Kjell Madsen, 2år
Styremedlem: Marit Klinkenberg, 1år
Styremedlem: Marcia Skuland, 2år
Varamedlem: Inga Marie Norderhus, 2år

Revisor: Ola K. Randen, 2år

Valkomite: Ketil Riise Pedersen og Kirsten Stubrud

Året 2020 har vore prega av koronapandemien. Noreg vart nedstengt 12.mars, og ei periode kunne vi ikkje møtast fysisk. Styremøta vart då haldne som telefonmøte. Etter kvart opna det gradvis opp att, for så å verte litt strengare att på seinhausten.

Kommunestyret

Truls Gjefsen er i denne perioden vår faste representant i kommunestyret. Perioden har så langt vore prega av ein lang omkamp om barnehage- og skulestruktur. Her vart utfallet som fyrst vedteke i førre kommunestyreperiode. Miljøpartiet og nokre av Senterpartiet sine representantar stemde med opposisjonen, og det vart fleirtal for å gå for dei opprinneleg vedtekne planane. SV har fått gjennomslag for ei fråsegn om flyktingane i Moria-leiren og for å auke støtta til restaureringa av industrianlegget på Sagflaten. Vi har òg som einaste parti teke klart standpunkt mot alternative løypetrasear på Mysusetar.

Elles har mykje av kommunestyret sitt arbeid dreia seg om å få i gang bygging av nytt slakteri, då Nortura sitt anlegg på Selsverket vart nedlagt. SV har sjølvstøtta dette.

Andre politiske utval

Kjell Madsen er med i eldrerådet. Inga Norderhus i ungdomsrådet og klagenemda. Truls Gjefsen er 2.vara i formannskapet, valteknisk samarbeid med AP, MDG og H. Anne-Brit Bismo er 3.vara i driftsutvalet. Knut O. Bakken er personleg vara for Jørund Båtstad i kontrollutvalet. Anne-Brit Bismo er personleg vara for Oddrun Høglie i

klagenemnda for eigedomsskatt og personleg vara for Tone Bulling i fjellstyret. Anne-Brit Bismo er og medlem av samarbeidutvalet for Thoskogen naturbarnehage.

Oppsummering av møte

Vi har hatt 9 styremøte. Ved sidan av årsmøtet fekk vi i haust til eit medlemsmøte/ -treff som gjekk over ein dag. Fokuset var på næring og Anne Lise Fredlund, fylkesleiar, var med denne dagen. Vi starta om morgonen med besøk og omvising på Minera. Etterpå hadde vi lunsj og møte på Solstad der bl.a. kom med forslag til innstilling på kandidatar framføre nominasjonsmøtet i Oppland. Etterpå gjekk turen til Sagflaten der vi fekk omvising i dei gamle industrilokala for kleberindustrien. Denne dagen var det derfor steinindustrien som var i fokus. Evalueringa var at dette var vellykka, så vi tek sikte på liknande opplegg seinare.

8.mars

På grunn av stor smitte av corona i Sel vart det planlagte arrangementet avlyst. Anna Kvarberg Ekre frå Care skulle vise bilete og fortelje om arbeidet til organisasjonen. Lokale kvinnelege grunderar skulle fortelje om arbeidet sitt. Det skulle og vere kulturelt innslag. Opplegget er satt på vent og vi vonar å få det til i 2021. Som tidlegare var det planlagt saman med dei politiske partia i Sel, Kvinnegruppa, Sel og Heidal nei til EU, Sel sanitetsforening, Fagforbundet i Sel og Sel kommune.

1.mai

Saman med Arbeidarpartiet, Fagforbundet og LO, Midt- og Nordgudbrandsdalen kjøpte vi inn kaker og blomar til institusjonar innan helse- og omsorg i kommuna, samt heimetenesta. Det vart gjort pga. det uvurderlege arbeidet dei hadde lagt ned pga. pandemien og ikkje minst vedrørande brannen på Sel sjukeheim i 2019. Det var og ei digital markering på facebook, der Truls Gjefsen heldt appell for Sel SV. Vågå SV var og med på den digitale markeringa.

Aksjonar

3.november var vi med på markering vedrørande klimasøksmålet i Vågå. Det var saman med Vågå SV, Sel MDG, Kvinnegruppa i Sel og Besteforeldrenes klimaaksjon og Naturvernforbundet.

Dette året har Sel SV hatt spesielt godt samarbeid med Vågå SV.

Sel SV har gjeve kr 5000,- for å få fløtt statua til minne om Olav Kringen, tilbake til Jernbaneparken på Otta.

